

Volda rideklubb:

Jobbar mot kvalitetsstempel

Volda rideklubb er ein av ein handfull klubbar som er plukka ut av Norges Rytterforbund til å sikre seg kvalitetsstempelen Satsingsklubb i 2019/20.

– Å vere ein satsingsklubb kan samanliknast litt med stjerntildevinga som hotell og campingplassar opererer med. Det seier noko om kvaliteten til klubben, forklarte klubbrettleiar i NRYF, Guro Grønningsæter, til dei framømte på medlemskvelden måndag. I rytterforbundet er det to nivå; Satsingsklubb og Vegvisarklubb, og Volda rideklubb søkte våren 2019 om å ta steget opp på det første trinnet.

Veldig nøgd

Klubbrettleiar Edle Holmin grunngeiv søknaden med at styret i VRK såg at klubben kunne ha stor nytte av denne prosessen.

– Vi i styret har lenge følt at vi har trengt eit løft. Sjølv om mykje er bra, kan ein alltid bli betre, forklarar ho. Holmin seier seg positivt overraska over opplegget.

– Medlemskvelden vart veldig godt leia av klubbrettleiaren vår, og engasjerte alle som møtte fram, slår ho fast. Ho er også godt nøgd



* Dei framømte på klubbkvelden. (Foto: Linn Mork)



* Ros og konstruktive tilbakemeldingar vart samla inn og gjennomgått. (Foto: Linn Mork)

med oppmøtet.

– Det var utruleg kjekt at så mange medlemmar tok turen og ynskjer å jobbe for at vi skal bli ein betre klubb som passar for alle, seier ho med eit smil.

Vil skape berekraftige rideklubbar

Klubben har tidlegare i haust sendt ein representant på kickoff for alle satsingsklubbane på Lillestrøm, og har så smått starta arbeidet med dokumentasjonen som skal leverast. Ifølgje Grønningsæter er målet med klubb-satsingsprosjektet å skape berekraftige rideklubbar kringom i heile landet. Ein satsingsklubb må mellom anna dokumentere at dei følgjer lover og reglar, er inkluderande, har jamlege aktivitetstilbod for medlemmane og tilbod om stemner. Frå før finst det to Vegvisarklubbar og ein Satsingsklubb i Møre og Romsdal, og det finst 17 Satsingsklubbar og elleve Vegvisarklubbar på landsbasis. Å få eit

slikt kvalitetsstempel heng såleis høgt.

Trur på eit løft med ridehall

Hanne Brunvoll er medlem i Volda rideklubb, sjølv om ho bur på Vatne nord for Ålesund. Ho var til stades på medlemsmøtet, og synest det var kjekt.

– Det var fint å få reflektere litt over kva som er bra, og kva som kan bli enno betre. Klubben har allereie fått til mykje! Elles var det lærerikt å vite litt meir om kva klubben kan gjere for å bli ein Satsingsklubb, seier ho, og held fram at draumen er å få til ein ridehall på anlegget i Volda.

– Eg har stor tru på at det blir veldig bra, og at det kjem til å løfte hestemiljøet i og rundt Volda!, slår ho fast. Brunvoll likar å vere sosial med andre hestefolk, og fortel at ho er medlem i Volda rideklubb fordi klubben består av ein veldig kjekk gjeng.

– Alle er imøtekomande, og klubben har mange som er aktive i

sporten, seier ho.

– Føler seg velkommen

Klubbrettleiar Guro Grønningsæter har også mykje fint å seie om rideklubben i sitt referat frå møtet:

– Volda rideklubb er ein aktiv klubb som har så mykje: God aktivitet, konkurransar, flotte arrangement og ei flott ridebane på eit fint og romsleg område. Klubben har utstyr til både sprang, dressur og feltritt. Volda rideklubb har noko teknisk personell, men kan gjerne få nokre fleire. Klubben har alt unntatt ein ridehall. Dette vert det jobba hardt med å få til. Det er gledeleg å kome på besøk i denne klubben. Ein føler seg så velkommen og blir så godt tatt imot av blide og hyggelege folk. Dette speglar av til resten av medlemmane, skriv ho.

– Slike skussmål er kjekke å få! Det gir motivasjon til vidare arbeid, seier klubbrettleiar Edle Holmin.

Styret i Volda rideklubb

Ørsta kommune om vatn som renn ukontrollert

Ber Allskog om å kome med alternativ

Ørsta kommune har vore på synfaring i Barstadvik. Der har dei observert blant anna mange store køyrespor som har vore avverka tidlegare, samt vatn som renn ukontrollert.

Allskog SA har fått eit brev frå Ørsta kommune der dei skriv at Allskog må utbetre skogdrifta i Barstadvik, Ørsta kommune. Dette etter at kommunen har vore på synfaring i eit område der

skogsmaskiner arbeidar, på Barstadvik, og oppdaga fleire saker som må utbetrast.

– På synfaringa vart det observert mange og store køyrespor på flata som har vore avverka tidlegare, samt vatn som rann ukontrollert. Dette må utbetrast snarast råd. Dersom dette ikkje blir utført i løpet av kort tid vil skogeigarane få pålegg etter skoglova som seier «Kommunen kan påleggje skogeigar å rette opp køyreskadar eller andre skadar etter tiltak i skogen», skriv kommunen.

I tillegg har kommunen lagt til merke at stikkrennene langs fylkesvegen er tette på grunn av skogdrifta. Dermed klarer ikkje stikkrenne å ta unna store nedbørmengder.

Urein elv

– Kommunen har også fått meldingar om at elva har vore kraftig ureina tidlegare i haust, dette skyldast ganske sikkert skogdrifta. Barstadvik elveeigarlag er uroa for laksen i området, og etter teljinga med biolog 19.10.2019 fann dei berre ein laks. Hovudårsaka er antakeleg storflaumen i 2016 som tok yngeplassane til fisken, skriv kommune og legg til ein må finne løysingar for å hindre avrenninga frå skogdrifta og ut i elva og ber om at Allskog kjem med desse alternativa snarast.

✉ TONJE MARIE N. AARFLOT



* Elva. (Foto: frå brevet)



* Frå hogstområdet. (Foto: frå brevet)

Prisen dobla seg ved Hovden skule:

– Vi tok oss ikkje tid til eit godt forarbeid, og det straffa seg

Rådmann Wenche Solheim la seg flat etter at Ørsta kommunestyre frå fleire hald kritiserte arbeidet med Hovden skule-saka. – Dette er eit døme på nok eit lite prosjekt som sprekk, meinte Ann Sølvi Vatne (H).

Målet var å lukke naudsynete avvik i øvrebygget ved Hovden skule, knytt til miljøretta helsevern, branntryggleik og universell utforming, for om lag fem millionar kroner. Men, når bygget omtrent har stått urørt sidan byggeåret 1963, seier det seg sjølv at det dukkar opp ein del overraskingar undervegs.

Det vart mellom anna oppdaga fukt langs den eine ytterveggen, det kom krav om rømmingsveg, og ein må renovere eit klasserom for å bli kvitt eit gammalt maurproblem.

– Vi såg fort at dette prosjektet var alt for snevert beskrive då det vart lyst ut på anbod, og vi kunne ikkje berre stoppe opp når vi først

hadde byrja. Då vart det dessutan dyrare, og ynskje vårt er å byggje ein forsvarleg skule for 70 elevar, seier prosjektleiar Roger Steinnes.

Kommunestyret gav klarsignal, mot ei røyst, til å halde fram med renoveringsarbeidet av Hovden skule – som no har fått ein kostnad på ti millionar kroner.

– Vi må halde oss til vedtaka


Men med den økonomiske situasjonen Ørsta kommune står overfor, var det fleire som var kritiske til at prosjektet dobla seg – og det utan ein anbodsprosess.

– Eg er i tvil om eg vil stemme for dette forslaget. Får ein det beste tilbodet når ein doblar investeringsramma utan å leggje prosjektet på anbod? Ja, det er behov for ei oppgradering, men er det så akutt at det må gjerast no, spurte Per Ivar Lied (Sp).

– Vi bestilte nokre anbefalte løysingar for ei kortare periode, og planen var å prioritere ein ny og betre skule litt lenger fram i tid. Det ligg potensial for vekst ved skulen, vi veit at den skal byggjast ut på sikt og at den er i for dårleg stand per i dag. Dette skulle vere ein kjapp fiks. Vi må halde oss til politiske vedtak, og eg håpar dette er eit godt døme på ein dårleg jobb, slo Odd Magne Vinjevoll (Frp) fast.

– Eg har også vore i tvil, for når ein har sagt fem millionar

** – Vi har ikkje gjort eit godt nok forarbeid, og det straffa seg. Men dette er absolutt unntaket, ikkje regelen, seier rådmann Wenche Solheim om at kostnaden ved Hovden skule dobla seg.*



* Slik såg det ut i kjellaren ved Hovden skule då formannskapet var på synfaring etter haustferien. (Arkivfoto)

må vi halde oss til fem millionar, spesielt med tanke på den økonomiske situasjonen vi er i. Enkelte av avvik har ein visst om lenge, kvifor kom dei ikkje opp før?, spurte Elise Stokken (Ap).

– Dette er absolutt unntaket, ikkje regelen

Politikarane stilte vidare spørsmål ved om ein vil kome i mål med dei prognosane som ligg føre, kor lang levetid skulen vil få, og ikkje minst: vil det kome fleire tilleggs-løysingar?

– Denne saka er nok eit døme på eit lite prosjekt som plutsleg sprakk, seier Vatne, og viser til Dalevegen 24 og ungdomsskule-

kjellaren.

– Er det prosjektstyringa eller mangel på kontroll? Det manglar ei oversikt over korleis ein skal løyse desse byggeprosjekta.

Rådmannen var ikkje samd i dette.

– Denne saka er ikkje typisk – den er absolutt unntaket, heller enn regelegen, og eg føler vi har god kontroll i kommunen. Men eg legg meg langflat, for vi vil ha gode forprosjekt i alle saker.

Rådmannen forsikra også kommunestyret om at det ville vere god plass ved Hovden skule i fleire år framover.

– Her må vi diverre gå løpet ut sjølv om det er surt. Med dette

tiltaket har vi mogleg eit bygg i mange år framover. Alternativet er eit nytt bygg til 20–30 millionar kroner, seier ordførar Stein Aam.

– Men, har vi lært noko av dette? Kva gjer vi for å endre rutinane og sikre at ikkje slike ting skjer i framtida?, undra Hans Olav Myklebust (Frp).

– Det har vi. Vi tok oss ikkje tida til å gjere eit godt forarbeid, og det straffa seg. Vi har lenga levetida, men vi er ikkje ferdige med skulen. Vi skal utarbeide ei god sak til kommunestyret som vil kome etter kvart.

EMILIE GJENGEDAL VATNØY



Fråsegn til ruteendringar i Ørsta:

Fryktar at fleire sluttar å bruke kollektivtransport

Ørsta kommunestyre reagerer på dei nye ruteforslaga for buss og ferje i regionen. Dei viser til at rullestolbrukarar vert syndebukkar, at folket på Skår og Trandal vert stengt inne og at ruteendringane slett ikkje er i tråd med klima- og kollektivsatsinga.

Ruteendringane vil tre i kraft frå januar 2020, og kommunane har blitt inviterte til å kome med innspel. Senterpartiet, Framstegspartiet og Arbeidarpartiet i Ørsta har kome med eit felles framlegg for både buss og ferje. Samfunnsutvalet gav fråsegn til ruteendringane i førre møte, og kommunestyret har stilt seg samrøystes bak dette – med nokre tilleggs punkt.

Avgjerande at ferjene er kopla saman og at ein beheld ruta til Skår

1. Ørsta kommunestyre er glade for at det frå nyttår vert tre ferjer i timen i sambandet Festøy-Solavågen og at andre ruter vert tilpassa dette.

2. For ferjesambandet Festøy-Hundeidvik er det viktig for pendlarar og næringslivet at sambandet har minimum same ruteproduksjon som i dag.

3. Det er positivt med auka produksjon i ruta Sæbønes-Leknes.

4. For ferje to i indre Hjørundfjord, på strekninga Standal, Trandal, Sæbø og Skår vil kommunestyre understreke at det framleis må vere ruter til og frå Skår, at rutene bind bygdene saman på ein god måte og at forslaget til rutetid vert endra slik at det vert best mogleg tilpassa behova for fastbuande og næringsliv som brukar ferja, jamfør innspel frå grendelaga.

Rullestolbrukarane vert syndebukkane

Alexander Riise Olsen (Ap) la fram dei tre partia si meining om bussruteendringane.

– Sjå til dømes på rute 351 som går frå Kjøs bru til Volda. Den har redusert køyretid til 30 minutt, men ruta er 42 km lang. Det vil seie at bussen må halde ei snittfart på 84 km/t, og då har ein ikkje rekna med ekspedisjonstida. Ruta Volda-Festøya vert redusert med fem minutt. Om det kjem ein rullestolbrukar er tida så kort at ein med stort sannsyn misser ferja. Det er veldig synd om ei brukargruppe sluttar å bruke kollektivtransport fordi dei kjenner seg som syndebukkar, seier Riise Olsen.

I sommarferien har lokalekspresen berre ei rute til Mosmarka.

– Med denne endringa kjem du deg på jobb, men ikkje heim att. Dette er eit område med stor

vekst, og ein burde heller styrke tilbodet, seier Riise Olsen.

– Vi må spele på dei høge pendlartala

Kommunestyret stilte seg samrøystes bak denne fråsegna: Ørsta kommunestyre er uroa over forkorta køyretid på rute 351 og 101, og reduksjon i tilbod på 342 i framlagt forslag. Ørsta kommunestyre ynskjer at så mange som mogleg har høve til å nytte offentlig transport. Vi er bekymra over at fleire vil slutte å ta buss dersom bussane ikkje korresponderer grunna for stramme køyreplanar.

– Pendlingstala inn og ut av Ørsta er høge. Kvifor argumenterer vi ikkje for det, og legg til rette for at så mykje folk som pendlar at dei må vi få over til kollektiv? Vi vedtok ei klimakrise og burde følgje opp dette med aktiv handling, meiner Per Are Sørheim (H).

EMILIE GJENGEDAL VATNØY



* Ørsta kommunestyre er uroa for konsekvensane av dei nye buss- og rutetilboda i Volda og Ørsta kommunar. (Illustrasjonsfoto)

